

## Årsmelding 2019

### Styrets samansetning

Leiar: Øyvind Tveit

Styremedlemmer: Tahani Siddik Berge, Anita Haugstad Haugsjå, Mari Innerdal, Jorunn Kverndalen Frich og Joachim Bjørge. Dagleg leiar Hølje Haugsjå møter fast på styremøte.

### Styremøte

Det er avhalde 5 styremøte i 2019. Av desse er 4 gjennomførte som videokonferanse på plattformen Whereby.com. Denne plattformen har fungert veldig bra for styremøte og framover vil mange styremøte kunne haldast på denne plattformen.

### Verksemdas art og kor ho blir driven

NorSahel er ein ikkje-statleg, non-profit og uavhengig organisasjon som er registrert i Norge og i Mali. NorSahel arbeider for å kanalisere langsiktig og berekraftige bistand til Mali. NorSahel har sin operative verksemd i Mali og har eit kontor med ein stadleg representant i landet i tillegg til fleire samarbeidspartnarar.

### Organisasjonens føremål

NorSahel vil arbeide for å gje hjelp til å betre levekåra til menneske i Mali, spesielt til rurale område, med fokus på born og kvinner. Alle aktivitetane skal vere tydeleg forankra i lokalt og nasjonalt eigarskap for å sikre berekraft.

### Samarbeidspartnarar

Den største donor for NorSahel og prosjekta i Mali har også i 2019 vore Kavlifondet i Bergen. NorSahel har sidan 2015 fått 3 hovudavtalar og 2 ekstratilskot frå Kavlifondet. Den siste avtala vart underteikna i juni 2018 og var for 2 år. Det betyr at den tek slutt i juni 2020. Kavlifondet har signalisert at dei fortsatt vil støtte NorSahel og samtalar vart halden haust 2019. Dette til trass for at Kavlifondet eigentleg ikkje har Mali som eit fokusland. Den nye støtta frå Kavlifondet vil bli avgjort i april 2020.

Hovudårsaken og avgjerande for at NorSahel har kunne etablere seg i Mali og bygd opp eit større arbeid i landet har vore støtta frå Kavlifondet. Kavlifondet har vist tillit til NorSahel og styret har forsøkt å forvalte midlane på ein slik måte at det både gagnar organisasjonen sitt formål og gjev tilbake gode og tenlege resultat. Vidare fekk NorSahel i 2019 nytt tilskot frå Laerdal Foundation(LF) som også har støtta oss med fleire prosjekt sidan starten. Støtta frå Laerdal Foundation blir gjeven i namnet til enkeltpersonar, men forvaltast heilt og fullt av NorSahel og er underlagt same rutinar som prosjekt elles. LF har særleg vore interessert i samarbeid om digitalisering og gav eit prosjekt i namnet til Hølje Haugsjå og Olav Mikkil Eielson for prosjektet HBB App

Ein annan viktig bidragsytar ein ikkje må gløyme er dei private givarar og lag/foreiningar som støttar arbeidet. Støtta frå desse er avgjerande og denne har auka noko i 2019.

I Mali har NorSahel vidareutvikla samarbeidet med den administrative og lokale partner, EAC og med helsemyndighetene i landet.

NorSahel bruka mykje tid og ressursar på å utforme ein grundig søknad til Norad hausten 2019 i håp om å endeleg kunne motta offentleg støtte. Søknaden kom til siste runde (15 av 35 søknader), men som ein av dei 3 i siste runde fekk ikkje NorSahel støtte. Styret valde etter ein lenger prosess å ikkje klage på avslaget, men møtte Norad og sendte i etterkant eit brev til Norad. Styret ser at NorSahel virka til å vere nære støtte, men allikevel virkar det til at Norad ikkje ynskjer å gi støtte til NorSahel til tross for organisasjonen sitt grundige og langsiktige arbeid i Mali og den soliditeten som organisasjonen etter kvart har opparbeidd, både i Noreg og Mali. Styret og ekspertgruppa har i etterkant jobba vidare med å sikre støtte og nye samarbeidspartnarar til prosjekta i Mali og har andre alternativ for dette. Styret takkar spesielt enkelte i ekspertgruppa for å iherdig jobbe for vidare støtte til spesielt HBB prosjektet i Mali.

## Aktivitet

### Spesielle eventer (arrangement) i 2019

NorSahel har i 2019 gjennomført fleire arrangement. Vi nemner her nokre av dei viktigaste:

*-Mali-kveld Treungen m. Nissedalskoret 31 mars 2019*

Arrangementet samla inn 44 000 NOK og det var også loddsal før med basarbøker. Fleire frivillige stilte opp både fredagar og laurdagar med loddsal i Treungen sentrum. Sjølve kvelden samla over 70 personar og hadde veldig bra program med mange gode innslag.

*-stand og sal av mat under Kulturfestivalen i Kristiansand*

NorSahel deltok under festivalen med eigen bod med sal av mat. NorSahel fekk møte mykje folk og fekk samtalar, men sjølve matsalet gjekk litt trått.

*-stand på Dyrskun, Seljord 13-15 september 2019*

For fyrste gong var NorSahel på Dyrsku'n i Seljord, som er den største landbruks og handelsmesse i Telemark og ein av dei største i Noreg. Vi fekk stand saman med Øystein Fredriksen, som rett og slett gav oss gratis standleige! NorSahel skuldar han stor takk. Vi solgte lynlodd og stod på stand heile helga. Vi samla inn ca. 25 000 NOK.

*-Diverse mindre arrangement.*

Hølje Haugsjå, Mari Innerdal, Øyvind Tveit og andre i styret har deltatt i ulike samanhengar for å presentere prosjekta til NorSahel. Dette har vore både i kyrkjelege samanhengar, i media, på skular m.m. Dette er ein viktig arena for NorSahel framover og styret ser at NorSahel i aukande grad blir presentert i nye samanhengar.

### Informasjonsarbeidet

Styremedlem Tahani S. Berge har også i år vore informasjonsansvarleg for NorSahel og ho har i delar i året hatt tidsavgrensa avtale om gjennomføring av visse kampanjar og informasjonsmateriell, bl.a om gjennomføring av julekampanje. Tahani har, til liks med andre i styret og administrasjonen, lagt ned mykje frivillig innsats med informasjonsarbeid, inkludert arbeidet med å oppdatere Facebook og nettside. NorSahel har i 2019 ikkje engasjert eksterne konsulentbyrå for å gjennomføre informasjon og innsamlingsarbeid, slik tilfelle har vore i 2017 og 2018. Til tross for dette ser styret at gåveinntektene har auka. Innsamlingsprosenten er dermed blitt høg, heile 94 %.

### Prosjekt

#### Innleiing:

NorSahel har i 2019 hatt sitt mest aktive år i Mali sidan oppstarten i 2015.

NorSahel har no 3 prosjekter i Mali, der hovudprosjektet HBB framleis er hovudprioritet og det klart største prosjektet. I 2019 har NorSahel hatt følgande prosjekt i Mali:

1. HBB III, fortsettelse og utviding av programmet Helping Babies Breathe
2. HBB App, digitaliseringsprosjekt
3. Skulesykkelprosjektet

NorSahel hadde rekna med å få sin endelege avtale med maliske myndigheitene om varig tillatelse til å virke i Mali i 2019. På grunn av ei endring i det administrative regelverket frå statelege myndigheiter tok dette lenger tid enn planlagd og NorSahel måtte søke vidare midlertidig opphald. Tilbakemeldingane frå stadleg representant er at NorSahel har styresmaktene sin fulle tillit til å gjere aktivitet i Mali, men at det administrative er blitt meir komplisert og tek lenger tid enn tidlegare. Det er ikkje noko som tyder på at NorSahel ikkje får godkjenning for å ikkje virke i Mali. Styret ser det som viktig å få skaffe varig opphald (ein såkalla Accord Cadre) på plass så snart det let seg gjere.

### Prosjektet HBB III Mali:

Hovudprosjektet og lokmotivet for NorSahel i Mali er Helping Babies Breathe (HBB III). Her er Kavlifondet klart største donor. Ekspertgruppa for nyfødt-prosjektet spelar ei viktig og stadig framtrudande rolle i oppfølging og forskning, og har roller inn mot opplæringa. Gruppa, som blir leia av professor Ola Didrik Saugstad, består av i alt 9 personar og har hatt mange møtepunkt også i 2019. Hølje Haugsjå er program-

ansvarleg for prosjektet og kontaktpunktet mellom Norge og Mali. Mari Innerdal har fått auka ansvar og roller inn mot prosjektet, ho er ein sentral medlem av ekspertgruppa og er assisterande program-ansvarleg. Hølje Haugsjå og Mari Innerdal har føretatt tenestereiser i 2019 til Mali.

Av viktige aktivitetar/mile pælar i 2019 innan dette prosjektet kan vi nemne:

- *Følgande opplæringar er gjennomført i 2019:*
  - ✓ Opplæring av provideres(fødselshjelper/jordmødre) i Kolikani helsedistrikt, Koulikoro region (nytt helsedistrikt)
  - ✓ Diverse repetisjonsopplæringar i fleire helsedistrikt(som Fana og Banamba) med alle eksisterande fasilitatorar og providers.
  - ✓ Noko av det viktigaste siste år har vore å gjennomføre såkalla supervisions, som vi har gitt det engelske namnet: *Educative joint supervisions* (Pedagogisk felles tilsyn): Etter opplæringa har NorSahel personell saman med fasilitatorar og helsemyndigheiter føretatt reiser saman for å kontrollere kvaliteten på opplæringa gjennomført og for å gi støtten der det er nødvendig. Regionalt helsedirektorat har også blitt involvert i dette tilsynet i visse tilfeller. Det er gjennomført 7 slike *Educative joint supervisions* i 2019 og mange helsesentre(CSCOM) og CSRéf(distriktssjukehus) er besøkt i prosjektområdet.
  - ✓ *Styrking og utviding av system for repetisjonar på helsesenter/sjukehus etter modell av Tanzania.* Her inngår også *teknologi med mikrofilmar* som ein viktig del. Desse er blitt oppdaterte i 2019.
- *I forbindelse med søknad til Norad føretok NorSahel ein omfattande prosjektgjennomgang og la ein langsiktig plan for dei neste 2 åra i HBB prosjektet. Ved sida dette har NorSahel utarbeida eit konsept for HBB opplæring i heile Mali, sjå under.*
- *Feltbesøk av Hølje Haugsjå og Mari Innerdal i september 2019*  
Dette var eit viktig besøk som også må sjåast i samanheng med Norad søknad, sjå punktet over. Men feltbesøket var også i sterk grad av oppfølgande art og Mari Innerdal besøkte fleire helsesenter og sjukehus der NorSahel har arbeidd. Eit fokus under feltbesøket var også oppfølging av HBB App prosjekt, sjå under.

Ein oppsummering av HBB programmet til NorSahel(byrja i 2015) viser at prosjektet til no har gitt opplæring til 6 HBB Master Trainers, 212 fasilitatorar (jordmødrer og legar) og 1233 fødselshjelparar(matroner, sjukepleier, jordmødrer og legar). Prosjektet har arbeid i til saman 4 helsedistrikt og 3 helsefagskular som til saman dekkjer ei befolkning på 1,5 millionar.

**Resultat av prosjektet:**

NorSahel har i fleire år brukt mykje tid og ressursar på å få fram resultat i prosjektet via forskning. Innsamling av data og forskning vert gjort i eit nært samarbeid mellom professor Ola Didrik Saugstad, ekspertgruppa og maliske helsemyndigheiter.

Den viktigaste mile-pælen i NorSahel si historie med HBB prosjektet i Mali er utvilsam publisering i oktober 2019 av ein forskingsartikkel som omhandlar HBB prosjektet i det vitskapelege tidsskriftet: *Journal of tropical Paediatrics*(eit Oxford basert tidsskrift) under navnet: «*Reduction in Perinatal Mortality after Implementation of HBB Training at a District Hospital in Mali*». Artikkelen er veldig viktig av mange grunnar, både viser den sterke samarbeidet som ekspertgruppa har hatt med legar og forskarar i Mali og den viser på ein sterk dokumentert måte at prosjektet til NorSahel har gjeve svært gode resultat i Mali. Den langsiktige og solide strukturen NorSahel har bygd opp i Mali har blitt dokumentert vere effektiv. NorSahel takkar særleg Mari Innerdal for den jobben ho har lagt ned i artikkelen, saman med leiar i Ekspertgruppa Ola D. Saugstad.

NorSahel ynskjer å utvide prosjektet HBB 2.0 til andre distrikt i Koulikoro og til fleire regionar i Sør-Mali. NorSahel har saman med maliske partnerar utarbeida eit konsept som omfattar store delar av sørlege Mali med prosjektet HBB. Vidare vil ein vidareutvikle teknologi for å styrke opplæringane og innsamling av data.

### **HBB App prosjekt i Mali**

I 2019 var endeleg prototypen på ein App ferdig utvikla. Prosjektet er eit samarbeid med fagmiljø i Stavanger og er støtta av Laerdal Foundation og Kavlifondet.

- Prosjektet skal bruke digital teknologi til å samle inn data frå fødsjar på helsesenter i Mali i samband med HBB prosjektet.
- Prosjektgruppa har kome fram til (i samarbeid med maliske myndigheiter) ein nøyaktig tekst og har utvikla App på like nettbrett av dei som skal nyttast i Mali (som vi har fått sendt opp frå Mali).
- Vi har en eigen teknologi ansvarleg i Norge som arbeider saman med prosjektleiar for dette prosjektet, Olav Mikkell Eielsen, Universitet i Stavanger. Forskings-messig ansvarleg er Ola D. Saugstad.
- Datautviklar for HBB App prosjektet har vore Asbjørn Rørvik som har lagt ned ein stor og viktig jobb. Marthe E. Eielsen har vore forskings-assistent og vore med i prosjektteamet for HBB App under heile prosjektet.
- Appen som er utvikla skal bruke minst mogleg data for å laste data opp til ei sky, og kan nyttas utan nettverk (og laster seg opp automatisk når ein kjem inn i nettverk)
- App skal kunne vidareutviklast og brukas av helsemyndigheitene i framtida i relasjon til fødsjar og data frå helsesenter.
- Hølje Haugsjå og Mari Innerdal har hatt feltbesøk i forbindelse med HBB App prosjektet.
- Samarbeidet med helsemyndigheitene har vore godt og viktig under dette innovative prosjektet.
- Heile prosjektapparatet i Mali og Noreg har mellom oktober 2019 og feb. 2020 vore engasjerte i HBB App prosjektet.

### **Resultat av prosjektet:**

- Ein prototype ble først testa på jordmødrer i Noreg (på Ullevål sjukehus) og i Mali (Kati sjukehus og 2 helsefagskular for jordmødrer) i Mali, med oppløftande og dokumenterte resultat.
- I november etter lang tids forarbeid blei ein pilottest gjennomført i Mali i 5 helsesenter (CSCOM) i tillegg til CSRéf i Kati helsedistrikt. Resultatet av denne pilotteste ligg føre i skrivande stund, og viser gode resultat. Jordmødrer og legar (bruker) har i sterk grad via et evaluering skjema uttrykt at HBB App lettar arbeidet med registreringa og frigjer tid. Det noverande systemet er veldig tungrodd og komplisert.
- Digitaliseringsprosjektet HBB App er brukt som utgangspunkt for eit nytt innovativt digitaliseringsprosjekt som er utarbeida i konseptform Dette nye prosjektet legg opp til å verte utvida betydeleg til å gjelde all fødselsregistrering i eit pilotområde, som eit framtidig verktøy for myndigheitene.

### **Sykkelprosjektet:**

Dette prosjektet blir drive av private innsamla midlar. Det har vore auka fokus på innsamling til sykkelprosjektet i 2019 i forhold til 2018. Hovudmålet er å få fleire jenter til å fullføre ungdomskulen. I 2019 blei det samla inn over 100 000 NOK til sykkelprosjektet frå private givarar i Norge, noko som er ny rekord. Ved hjelp av innsamla midlar og nokre midlar vi hadde satt av frå året før, kunne vi kjøpe inn over 130 nye sykklar til 6 ulike ungdomskular i Tambaga og Kokofata kommunar i Mali. Til saman har NorSahel bidratt med over 550 sykklar, mesteparten til jenter. Dei oppdaterte statestikkane frå skulane er oppløftande lesing og viser at talet på jenter som går i ungdomskulane aukar. Det same gjeld tal på jenter som fullfører. Litt oppsummering av statestikk:

Ved Tambaga ungdomskule, der prosjektet starta opp i 2014, er no andelen jenter 46%. Dette er betydeleg opp frå berre nokre år sidan. Andelen jenter som fullfører ungdomskulen har vist jamn framgang til ca. 25-30 % (mot 10% i 2014). Ved Katabantankoto ungdomskule(i Tambaga kommune), der prosjektet starta opp i 2014, er andelen jenter på ungdomskulen over 50% (dei siste to åra)!

I Kokofata ungdomskule, der prosjektet starta i 2016 er andelen jenter kome opp i 34 %.

I ungdomskular som ligg i området og er samanliknbare er andelen jenter på ungdomskulen framleis godt under 30% og andelen som fullfører er mellom 10-20%.

Resultatet frå prosjektet er blitt publisert på Facebook sida. Resultatet og den vedvarande gode samarbeidsviljen hos ungdomskulane, gjer at NorSahel ynskjer å trappe opp arbeidet med å skaffe fleire skulesyklar til primært jenter. Styret vil fortløpande vurdere om det er aktuelt å søkje eksterne midlar for dette prosjektet.

### **Prosjekt som ikkje er starta men under planlegging**

#### **FGM**

NorSahel har i forbindelse med Norad søknad 2019 utarbeida eit omfattande prosjekt mot FGM(omskjering av kvinner) for Mali. Dette prosjektet blir satt på is grunna fleire forhold, men kan takast opp igjen ved behov. NorSahel har både i administrasjonen i Noreg, i ekspertgruppa og hos partner i Mali stor kompetanse og lang erfaring på området FGM.

### **Fortsett drift**

Føresetnad om fortsett drift er til stades, og årsregnskapet for 2019 er satt opp under denne føresetnaden.

### **Årsrekneskapen for 2019**

Årsrekneskapen for 2019 er satt opp med ei omsetning på 2 120 307 NOK. Utgiftene er til saman på 2 020 110. Det viser eit overskot på 100 088.

Av utgiftene er 1 804 625 nytta til aktivitetar som oppfyller organisasjonens formål.

Det vart nytta 14 845 til innsamlings av midlar noko som gir ein innsamlingsprosenten på 94%(74% i 2018). Grunnen til at denne er ekstra høg i 2019 og har auka er rett og slett at det meste av arbeidet med å samle inn midlar har skjedd på frivillig basis, samstundes som inntektene har auka noko.

201 133 av utgiftene blei nytta til administrasjon, ca 10 % (8% i 2018). Styret legg vekt på at administrasjonen til NorSahel skal ha høg kvalitet og samstundes halde det nede kostnads messig, for å sikre flest mogleg midlar til arbeidet i Mali.

Dagleg leiar har i 2019 vore engasjert som programansvarleg og kontaktpunkt mellom Mali og Norge på konsulentbasis. Engasjementet svarar til ca. 30 % stilling.

### **Likestilling**

4 av dei 6 faste medlemmene av styret er kvinner. Prosjektleiar for nyfødt-prosjektet i Mali er ei kvinneleg jordmor. I tillegg driv organisasjonen kvinne retta prosjekt i Mali både via sykkelprosjektet som er spesielt retta mot jenter, og ved at nyfødt-prosjektet arbeider på fleire jordmor-/sjukepleiarskular. Organisasjonen har satt eit spesielt fokus på utdanning av jenter i Mali.

### **Resultatdisponering**

NorSahel sitt resultat for 2019 blir overført til neste år.

Treungen 25.03.2020

Øyvind Tveit, styreleiar

Anita Haugstad Haugsjå

Mari Innerdal

Jorunn Kverndalen Frich

Joachim Bjørge

Tahani Siddik Berge

Hølje Haugsjå, dagleg leiar